



---

**Referat frå elevrådsmøte på Lye skule 17.februar**

**Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.**

**Sak 1 Tilbakemelding frå trinna knytta til undervegsevaluering av tiltak i utviklingsplanen.**

- **Lesekurset i klassen:**
  - positivt
  - jobba med same tekst over tid, det var lærerikt
  - flinkare å lesa når dei trente mykje
  - stort sett kjekke tekstar
  - 7.trinn syns det var lite motiverande, arbeider jamt og trutt med leseforståing og derfor vart dette i overkant mykje.
- **Relemo/Aski Raski**
  - Bra for å få øva på lesing. Relemo, repetert lesing er bra for då ser ein at ein blir betre jo meir ein øvar. Aski Raski sin stemme er av og til utsøydeleg.
- **CL- samarbeidsoppgåver**
  - Bra å jobba med lærevenn og i grupper. Liker variasjon. Liker å samarbeida, lage presentasjoner ilag. Lærer av kvarandre, det er positivt.
- **Elevmedverknad knytta til tverrfagleg tema**
  - Bra at me kan få koma med forslag til innhald og arbeidsmetodar.
  - Kjekt med tverrfaglege tema, litt forandring og anna måte å jobbe på. Liker å jobbe med same tema på ulike måter.

**Sak 2 Rektor presenterte resultat frå elevundersøkinga. Prosess i elevrådet der elevane via gule lapper gav tilbakemelding på følgande spørsmål:**

- På kva måte og kva type tilbakemeldingar motiverar deg til å jobba ennå meir med skulearbeid?
  - Skriftleg og muntleg tilbakemelding i Showbie
  - Kommentera presentasjoner med framføre, fokus på det som var bra. Ikkje bare «eit klapp».
  - Stjernedryss
  - At læraren går rundt ser på arbeidet ditt og gir tilbakemelding der og då.
- På kva måte skal lærarane gå gjennom og forklare nytt stoff for at du skal lære best mogleg?
  - Viktig med variasjon, at lærar forklarer til heile klassen først så kan me jobbe etterpå. Variere mellom å jobbe to og to, grupper eller lærevenn.
  - Jobbe med same tema på ulike måter, både praktisk og teoretisk.

- Flytte undervisninga ut av og til, få vera aktive, bruke kroppen i læringa.
- Kva må skulen gjer for at du skal svare positivt på at du gler deg til å gå på skulen?
  - meir leik
  - vera positiv og vise at du liker alle elevane
  - smile og vera glad
  - finne kjekke oppgåver

### **Sak 3 Evt.**

Innkjøp nye pultar til mellomtrinnet, kva type pulter/innredning syns de er best?

Her var meiningsane delte, enkelte liker hyller andre vil helst ikkje ha hyller. Eit forslag var pulter med hylle under/på sida til å ha bøker i.

Sigrid Kjetland  
rektor og referent